

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/18	Formannskapet	PS	07.02.2018
014/18	Heradsstyret	PS	21.02.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Klette	15/2954

Vedtak mindre endring av kommuneplanen sin arealdel 2011-2023

Vedlegg:

VEDLEGG 1 HØYRINGSBREV

VEDLEGG 2 FØRESEGN (135829)

VEDLEGG 3 KOMMUNEPLAN KART

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007, forutsett at kommunedelplan for sjø og strandsone vert vedteken i same møte.

Formannskapet - 005/18

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007, forutsett at kommunedelplan for sjø og strandsone vert vedteken i same møte.

Heradsstyret - 014/18

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes vedteke

HS - vedtak:

"Osterøy kommune vedtek mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 11-15. Plankart og føresegn vert med dette like i juridisk innhald for kommuneplanen sin arealdel arealplanID 12532010001 og kommunedelplan for sjø- og strandsone arealplanID 12532014007, forutsett at kommunedelplan for sjø og strandsone vert vedteken i same møte."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I samband med kommunedelplan for sjø og strandsone (KDPSS) ville kommunen sikre at kommunedelplanen og kommuneplanens arealdel (KPA) vart like og gjera nokre tekniske korreksjonar i kommuneplanen sin arealdel. På denne måten unngår ein å måtte operere med to sett plankart og føresegn som grunnlag for søknadar om td. tiltak, arealplanlegging og i sakshandsaming.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vedtok formannskapet i Osterøy kommune, sak nr 026/16, dagsett 17.02.2016, å leggja ut endring av kommuneplanen sin arealdel ut til 1. offentleg ettersyn.

Endringane vart varsla i brev dagsett 06.10.2015. Her var det vist til at:

«Ved vedtak om oppstart av kommunedelplan for sjø og strandsone 2014 skulle plankartet omfatte planområdet som var definert som frå kommunegrensa i sjø til funksjonellstrandsone eller 100 metersbeltet opp på land. Føremålet med ny oppstart er å varsle om at kommunen ynskjer å endra omfanget av planområdet. Kommunedelplan for sjø og strandsone vil i kartdelen no omfatte heile kommunen. Dette for å kunne nytta same plankart for kommunedelplan for sjø- og strandsone og Kommuneplanen sin arealdel. Dette gjer sakshandsaming i kommunen enklare i ein overgangsfase. Ved seinare rullering av kommuneplanen sin arealdel ser ein for seg å innarbeide Sjø- og strandsoneplanen inn i denne. I etterkant av vedtak av kommuneplanen sin arealdel 2011 har det vist seg at det er fleire tekniske feil i kartet. I samband med arbeidet med kommunedelplan for sjø- og strandsone er det ynskje om å samstundes retta opp i desse feila i kartet og gjera mindre justeringar».

Endringane som er gjort omfattar følgjande:

1. Oppdatering digitalt plankart - Eldre SOSI-versjon oppdatert til gjeldande SOSI- versjon - SOSi 4.5.
2. Omsynssone H570_14 Hamre Kyrkje - Endra lokalisering til å faktisk liggje over Hamre kyrkje. Tidlegare låg heile omsynssona på utsida av kyrkja.
3. Omsynssone H910 «Reguleringsplan skal fortsatt gjelda» - Tatt ut av plankartet. Der er mange endringar i gjeldande reguleringsplanar etter vedtak av kommuneplanen i 2011. Sonene som ligg i kartet er difor misvisande. PBL § 1-5 regulerar kva planer som skal gjelda.

Alle kommunen sine gjeldande reguleringsplanar ligg i kommunen sitt planregister (<https://www.nordhordlandskart.no/pr>).

4. Omsynssone H710 «Bandlegging for regulering etter PBL» Valestrand - tatt ut av plankartet.
5. Arealføremål «Hamn» i Lonevåg - Feltnamnet endra frå S2 til o_SHA1.
6. Sentrumsføremål Hauge - Korrigert sentrumsføremål frå bustadføremål til sentrumsføremål. Bakgrunnen for endringa er at arealet vart sett av til bustad ved ein teknisk feil og arelet er korrigert i tråd med kommunedelplan Hauge.
7. Omsynssone H320 - Flaumfare. Lagt inn rundt alle vassdrag.
8. Kpsamferdsellinje er tatt ut i området Hauge-Lonevåg og i området Vesetgjelet.
9. Tekne inn nye føresegner. I samband med arbeidet med kommunedelplan for sjø og strandsone er det tatt inn nye føresegner i denne planen. Desse er tatt inn i føresegnene i kommuneplanen slik at det er samsvar mellom kommunedelplan og kommuneplan.

Merknader

Statens vegvesen - Har ingen vesentlege merknader til dei endringane i kommuneplanen sin arela som er lagt fram.

NVE - NVE har gjeve fråsegn til framlegget til kommunedelpaln for sjø- og strandsone. Det er ikkje beint fram å sjå grensa mellom kommunedelplanen og kommuneplanen og fråsegna gjeld òg endringane til kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen i Hordaland - Er positiv til retting av tekniske feil i kommuneplanen. Har ingen spesielle merknader til endringane i plankartet som er lagt fram her.